

Løvetann (*Taraxacum officinale*)

Ei leike du finn heile sommaren



1: Øvre del av rota og bladrosetten. 2: Mange blomar saman i ei "korg" 3: Modne frø. 4: Ein blom 5: Eit frø ("flygefrukt") 6: Blom og frøfeste under frøspreiing. 7: Eit stykke av stengelen, oppdelt.


LIKAR DU SMØR?

Ta ein løvetannblom og hald den under haka til nokon. Lyser det gult under haka, likar dei smør.

TATOVERING


Skjer over ein løvetannstilk. Den kvite safta lagar brune tatoveringsmerke som varar lenge. Forsiktig med kleda!

BLOMSTERKRANS




Plukk fine løvetannblomar, og prøv å flette ein fin krans slik som det er vist på figuren ved sida av.

NIKKEMANN




Plukk ein avblømt løvetannstilk, og tre eit strå gjennom stilken slik som på figuren ved sida av. Dra i strået, og blomen vil nikke.

FLETTE STILKAR




Plukk løvetannstilkar og tre den øvste enden inn i den nedste slik som på figuren. Tre så neste ring inn i den første. Slik kan du lage ei lang lenkje.

LAGE KRØLLAR



Del ein løvetannstilk på langs i fleire delar, slik som på bilde nr 7. Legg stilken i kaldt vatn. Stilken vil no krølle seg.

BLÅSE FRØ



Finn ein løvetann full av frø, og blås kraftig på den. Den som har minst frø att, vinn leiken.

Løvetann formeirar seg stort sett ved kloning. Unge blad er gode å ha i salat. Før åt dei kocht løvetannrot med smør på. Det hjelpte mot dårleg appetitt og gikt.

Kan du kome på fleire leikar med løvetann?